

Fjognedok-prosjektet 1999-2004

Oppsummering pr. juli 2005 / Sluttrapport

Fjognedok-prosjektet starta opp i 1999, og hadde sitt første møte på Sogn og Fjordane fylkesbibliotek i oktober 1999. Men idéen til prosjektet vart utvikla då fylkesbiblioteket i februar 1999 sende søknad til Statens Bibliotektilsyn om midlar til "*Fjognedok*" – *Lokalhistorisk litteratur på Kulturnett / Biblioteknett Sogn og Fjordane*. Innanfor Kulturnett Sogn og Fjordane er det eit mål å få til ei omfattande registrering av det lokalhistoriske materialet for så å gjere det tilgjengeleg for andre via Internett. Analysing / indeksering av lokalhistoriske skrifter er ein viktig del av dette arbeidet.

I Fjognedok-prosjektet er det mange samarbeidspartar. Ein av samarbeidspartane har vore Nasjonalbiblioteket, Seksjon for periodikaindeksering, som har ansvar for databasen NORART (norske tidsskriftartikler). I april 2001 vart det laga ein rapport om samarbeidet NB / Seksjon for periodikaindeksering og Sogn og Fjordane fylkesbibliotek / Fjognedokprosjektet (prøveprosjekt juni 2000 – mars 2001). Samarbeidsavtale (juni-des. 2000) og projektrapport ligg på heimesida til Fjognedok. Deltakarar i prosjektet elles er Førde bibliotek, Sogndal bibliotek, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Sunnfjord museum og ei referansegruppe ved Eid, Gaular og Gulen folkebibliotek.

Her er ei kort oppsummering om Fjognedok-prosjektet så langt:

2000

31. januar	Møte i prosjektgruppa på Sogn og Fjordane fylkesbibliotek i Førde
14.-15. februar	Møte / kurs på fylkesbiblioteket for prosjektdeltakarar /registratorar
10. mars	Møte i prosjektgruppa på fylkesbiblioteket
7. april	Møte med NB Oslo under Det 67. norske bibliotekmøtet i Oslo
22. mai	Møte med NB Oslo / Seksjon for periodikaindeksering, i Førde
4. september	Møte i prosjektgruppa på fylkesbiblioteket i Førde
25. september	Møte med NB Oslo / Seksjon for periodikaindeksering, i Oslo
8. desember	Møte i prosjektgruppa (og referansebiblioteka) på fylkesbiblioteket

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek / Førde bibliotek brukar biblioteksystemet Bibliofil. Ein tilpassa artikkelmal i katalogmodul vart bestilt frå Biblioteksystemer A/S, og var på plass ved årsskiftet 1999/2000. Det vart bestemt at dei registrerte artiklane skulle plasserast i ein eigen base, på ein server på fylkesbiblioteket. Eit autoritetsregister for fylkesbiblioteket / Førde bibliotek vart òg lagt inn, og ei svært ufullstendig utgåve av basen var "på lufta" og søkbar på fylkesbiblioteket frå februar 2000. Redigering av websøk vart gjort i mars.

Det var ein god del fram og tilbake om rutinar for overføring av postar og eksportfunksjonar mellom ulike system, og oppkobling frå Sogndal bibliotek gjennom brannmuren til fylkesbiblioteket og Fjognedok-basen. Denne oppkoblinga såg ut til å vere i orden 6. september 2000, men fungerte likevel ikkje før 29. november.

Registrerte Årbok for Sogn-postar (ca. 600) vart overførte frå Sogn Folkemuseum (Mikromarc) til Sogndal bibliotek (Bibliofil). Før overføring vidare til Fjognedok-basen fekk Biblioteksystemer i oppdrag å tilpasse /endre postane. Dette vart gjort, og postane overførte rett over nyttår (2001).

Nordfjord Sogelag tok kontakt med Sogn og Fjordane fylkesbibliotek i samband med at det skulle lagast register for Årbok for Nordfjord 1951-2000. Dette vart kobla til Fjognedok-prosjektet. Ein mann frå sogelaget fekk opplæring på Førde bibliotek i mars 2000, og registrerte så rett inn i Fjognedok-basen frå si heimemaskin på Sandane. Det vart likevel ein god del etterarbeid for fylkesbiblioteket, med registrering av nokre nummer av årboka, og mykje korrekturlesing.

Frå mars 2000 var det diverse kontakt med NB / Seksjon for periodikaindeksering om registreringsmåte og samanlikning av ttkat-malen for Fjognedok og Norart-malen.

Prosjektlear vart tilsett på timebasis frå mars.

Heimeside for prosjektet var ferdig i april, plassert under BibliotekNett Sogn og Fjordane. Teksten vart endra og utvida etter kvart som prosjektet utvikla seg. Dessutan vart prosjektet presentert i meldingspladet til Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, "Over Skranken" nr. 1/2000, under "nytt" på BibliotekNett Sogn og Fjordane og av Nasjonalbiblioteket i juni på "Nytt om Norart". Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane viser til Fjognedok-basen frå si heimeside, og prosjektet / basen er nemnt i føreordet til Årbok for Nordfjord 2000. Basen har alt vore til nytte for ymse lokalhistoriske spørsmål, m.a. i "Lokalhistorisk Spørjevev" – eit prosjekt der Sogndal bibliotek er sterkt involvert, og som gjer at Fjognedok har god kontakt med Fylkesarkivet.

På siste prosjektgruppe-møtet i 2000 vart det bestemt å sende ein ny søknad til Statens Bibliotektilsyn om prosjektmidlar / FOU-midlar for 2001. Dessutan vart det planlagt eit oppsummeringsmøte med NB Oslo etter nyttår. Det vart også satsa på deltaking på Statens Bibliotektilsyn sitt "Skjermkontakt med lokalhistorien"-seminar i Sogndal 29.-30. januar 2001, med presentasjon av Fjognedok-prosjektet.

2001

- | | |
|----------------|---|
| 29.-30. januar | Seminar i Sogndal "Skjermkontakt med lokalhistorien", arr, av Statens Bibliotektilsyn. M.a. presentasjon av Fjognedok-prosjektet. |
| 26. mars | Møte med NB Oslo / Seksjon for periodikaindeksering, i Førde |
| 11. juni | Møte i prosjektgruppa på fylkesbiblioteket |
| 23. august | Lite møte mellom prosjektleiaren og Eid folkebibliotek, på Eid |
| 12. november | Avslutningsseminar "Skjermkontakt med lokalhistorien", Bogstad Gård, m/ lite innlegg om Fjognedok-prosjektet |

I april 2001 vart det laga ein rapport om samarbeidet mellom Fjognedok og NB Oslo / Seksjon for periodikaindeksering. Rapporten ligg på heimesida til prosjektet.

Elles var deler av 2001 ei "ventetid" på ev. tilskot frå Statens bibliotektilsyn. Først kom det melding om at "ABM-søknader" var utsette / oversende til Kulturdep., og så vart det avslag. Dermed har økonomien i prosjektet vore skral i 2001, og det er framleis ein del ugjort. Men Fjognedok-basen blir stadig utvida, og inneheld 5.800 postar pr. januar 2002. Dessutan vart registeret til Årbok for Nordfjord 1951-2000 ferdig i august 2001, og levert til Nordfjord Sogelag. Sogelaget gav ut registeret i eit eige hefte saman med Årbok for Nordfjord for 2001.

Tidsperspektivet for prosjektet var først 1999-2001, men vi er ikkje komne så langt som vi hadde tenkt. Vi treng noko meir tid før artikkelregistreringa kjem inn i "faste former" som ein del av det daglege arbeidet ved fylkesbiblioteket / Førde bibliotek, Sogndal bibliotek og helst nokre fleire folkebibliotek (Eid) etter ei fordeling. Etter prosjektperioden er målet at ordninga skal gå inn som ein ordinær del av drifta ved dei einskilde biblioteka.

Det er framleis litt samarbeid med NB Oslo / Seksjon for periodikaindeksering. Overføring av postar mellom basane Norart og Fjognedok vert framleis drøfta, mellom anna er det aktuelt med overføring av alle postane for Årbok for Sogn frå Fjognedok til Norart, slik at den årboka blir komplett.

2002

- | | |
|-------------|--|
| 6. februar | Porsjektleiaren var på møte i Oslo med Nasjonalbiblioteket (NB) og Norsk Lokalhistorisk institutt om div. samarbeid om overføring av postar og databasar, konvertering m.m. NB skulle ta kontakt med Statens Bibliotektilsyn og be dei om å ta initiativ for vidare framdrift for samsøk-prosjekt o.a. |
| 13. februar | Telefonmøte prosjektgruppa / drøfting av økonomi og FOU-søknad. |
| 4. juni | Presentasjon av prosjektet på bibliotekdagane i Sogndal, der tema m.a. var |

- lokalhistoriske databasar.
9. september Møte i prosjektgruppa i Sogndal. Diskusjon med Fylkesarkivet om samsøk, emneord m.m.
25. november Fylkesbiblioteket (Gunnvor Schei) med på møte i Oslo om "ABM-portal for norsk reiselivshistorie". [Sjå litt om dette i fylkesbiblioteket sitt meldingsblad "Over skranken" nr. 2/2002.](#)
4. desember Møte i Førde. Diskusjon med Sunnfjord Museum om emneord og registreringsmåtar, søkespråk m.m. Sunnfjord museum blir med i prosjektgruppa.

Også første del av 2002 vart ei "ventetid" på ev. tilskot frå Statens Bibliotektilsyn, til det i mai vart klart at Fjognedok fekk 130.000 kroner. Deretter har fylkesbiblioteket hatt kontakt med fylkesarkivet og museumssektoren og diskutert registreringsmåtar, samsøk o.a. , m.a. med utgangspunkt i emneordsregistret til Sogn og Fjordane fylkesbibliotek / Førde bibliotek. Dette registeret er også sendt til Gunnar Urtegaard, då han ei tid arbeidde i ABM-utvikling hausten 2002. Det er mogleg at Fjognedok- prosjektet skal knyte seg til større, nasjonale samsøk-prosjekt.

Elles vart heimesida til prosjektet litt endra og oppdatert, og Fjognedok-basen inneheldt pr. årsskiftet 2002/2003 ca. 7.000 postar.

Det var i 2002 ein del arbeid med at Bibliofil la om sidene sine, og lokale tilpassingar for Fjognedok gjekk tapt. Ei tid vart "feltet" for heftenummer i søkeoppsettet for artiklane borte, og då vart mykje av vitsen med Fjognedok vekke. Då vart fylkesbiblioteket oppringt av publikum og brukarar som sakna dette, så det er tydeleg at basen er i bruk.

2003

- Februar: Drøfting av økonomi og ny FOU-søknad
 Mars: Rapport og søknad sendt til ABM-U
 Mai: Fjognedok-prosjektet fekk 90.000 frå ABM-U
 30. juni: Møte i Førde. Diskusjon om tilknytning til andre prosjekt

Elles i 2003 vart det registrert vidare ved fylkesbiblioteket. Det viser seg vanskeleg å få til registrering ved andre bibliotek, slik det var tenkt (Sogndal og Eid), på grunn av økonomisk situasjon/bemanning ved biblioteka.

Basen inneheld pr. årsskiftet 2003/2004 ca. 8.000 postar.

Fylkesbiblioteket gjorde i 2003 ein jobb med nynorsk-versjon av søkebiletet i Bibliofil.

2004

- Februar: Solveig Bjordal, Gunnvor Schei og Eli Lothe hadde møte 4. februar på fylkesbiblioteket i Førde med drøfting av økonomien, framhald av diskusjon om tilknytning til andre prosjekt, og drøfting av eventuell studietur. Elles om bestillingsfunksjonar og lenking i Bibliofil, og diskusjon om retrospektiv registrering av lokalhistorisk litteratur som eventuelt må lånast inn frå Bergen offentlige Bibliotek.
- Juni: Gunnvor Schei og Eli Lothe hadde møte 22. juni på fylkesbiblioteket i Førde. Det er framleis mykje arbeid att med retrospektiv registrering berre med samlingane i Førde bibliotek/Sogn og Fjordane fylkesbibliotek.
- September: 24. september var Solveig Bjordal, Gunnvor Schei, Ingrid Dræge og Eli Lothe med på eit møte i Oslo om Norsk Digitalt bibliotek. På seminaret vart Fjognedok-prosjektet nemnt fleire gonger som eit føredøme for andre prosjekt.
- November: I november vart prosjektet kontakta av fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal, som vil ha ein temadag om lokalhistorie, og vil gjere ein innsats med registrering av lokalhistorisk artikkelstoff. Dei ønskjer at "Fjognedok"-prosjektet skal bli presentert der. I november var det óg kontakt med Bergen offentlige bibliotek og Hordaland

fylkesbibliotek, om eit eventuelt samarbeid om registrering av lokalhistorie for Vestlandet.

Elles i 2004: Fortløpande registrering, og oppdatering av heimesidene.

Fjognedok-basen inneheldt pr. årsskiftet 2004/2005 ca. 8.700 postar, og pr. juni 2005 er ca. 9.700 postar registrerte.

Sluttkommentar

Fjognedok har vore eit interessant og lærerikt prosjekt for Sogn og Fjordane fylkesbibliotek.

Ikkje alt utvikla seg slik ein tenkte i starten på prosjektet. Det viste seg vanskeleg å få til registrering ved dei andre biblioteka, både på grunn av tekniske vanskar og på grunn av mangel på arbeidskraft. Men registrering inn i basen utanfrå let seg gjere. Det viste seg då Nordfjord Sogelag registrerte artiklar for Årbok for Nordfjord. Det vart likevel mykje etterarbeid for fylkesbiblioteket. Registreringskompetanse og kjennskap til registreringsområdet er viktig. Personalet ved fylkesbiblioteket og Førde bibliotek har gjort ein stort registreringsarbeid som vil vere til nytte i det lokalhistoriske arbeidet vidare.

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek vil halde fram med løpande registrering av lokalhistoriske artiklar, i tillegg til retrospektiv registrering. Det vil bli vurdert å koble seg saman med andre lokale og regionale registreringar. Fylkesbiblioteket meiner at lokalhistorisk registreringsarbeid er ei oppgåve som eignar seg godt for dei regionale biblioteka, og vil delta i debatten om korleis ulike prosjekt kan samarbeide. Kanskje det etter kvart vert ein sentral portal for lokalhistoriske registreringar, slik det vart diskutert tidleg i prosjektperioden?

Med denne rapporten er Fjognedok-prosjektet ferdig. Men også i 2005 har det vore drøftingar om vidareføring av arbeidet. Mellom anna var prosjektleiaren for Fjognedok med på eit møte på Bergen offentlige bibliotek 15. februar 2005 med representantar for Bergen offentlige Bibliotek og Hordaland fylkesbibliotek, om eventuelt registreringssamarbeid, - og Fjognedok-prosjektet skal presentere seg på ein temadag om i Molde i oktober 2005, der Møre og Romsdal fylkesbibliotek er arrangør.

Kanskje ligg det eit Vestlandssamarbeid og ventar?

Juli 2005
Eli Lothe
prosjektleder